

Hordaland fylkeskommune  
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

13. mars 2018

## **OPPSTART AV FORVALTNINGSREVISJON AV BEREDSKAP PÅ VEGNETTET**

Deloitte har i samsvar med vedtak i kontrollutvalet 5. februar 2018 i sak PS 8/2018, starta opp forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet i Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune oppfyller sitt ansvar for transportberedskap på fylkesvegnettet, under dette korleis beredskapsarbeidet er organisert og om det er utarbeidd system og rutiner for å følgje opp beredskapsarbeid på veg i samsvar med regelverk og overordna retningslinjer. Det er også eit føremål å undersøke korleis Hordaland fylkeskommune samarbeider med relevante aktørar som kommunane i fylket, Statens vegvesen, politi og transportaktørar når det gjeld transportberedskap.

Kjeldematerialet i den aktuelle revisjonen omfattar dokumentanalyse og intervju. Vi vil begynne med ein dokumentanalyse, og ber om å få tilsendt følgjande dokument i samband med forvaltningsrevisjonen:

1. Oversyn over korleis fylkeskommunen har organisert arbeid med transportberedskap på fylkesvegnettet
2. Skildring av ansvar- og oppgåvedeling i arbeidet med transportberedskap på fylkesvegnettet, og ev. skriftleg dokumentasjon som synleggjer denne (ansvars- og rollematrise el.).
3. Ev. risiko- og sårbarheitsanalyser som er gjennomført med omsyn til transportberedskap på fylkesvegnettet
4. Ev. beredskapsplanar som er utarbeidd for transportberedskap på fylkesvegnettet
5. Ev. skriftlege rutinar som er etablert for å sikre at arbeidet med transportberedskap blir følgt opp
6. Skildring av system for varsling og kommunikasjon til bruk ved større kriser og ulukker som vil kunne påverke transportberedskapen på vegnettet, og ev. skriftlege rutinar knytt til dette
7. Ev. rutinar for evaluering av fylkeskommunen si eiga handtering av transportbehov i samband med større kriser
8. Ev. evalueringar som er gjennomført av fylkeskommunen si handtering av transportbehov i etterkant av større kriser
9. Ev. oversikter som er utarbeidd over transportaktørar, løyvehavarar mv., som kan ha roller og oppgåver innan sivil transportberedskap
10. Oversikt over samarbeid og avtalar fylkeskommunen har inngått med omsyn til planlegging og utføring av transportberedskap, under dette avtalar med kommunane, Statens vegvesen, fylkesmannen, politiet, transportnæringa og ev. andre.

Vi ber om at vi får tilsendt dokumentasjonen i lista over innan **fredag 6. april 2018**. Vi ber om at dokumentasjonen fortrinnsvis blir sendt over elektronisk, som vedlegg til e-post til underteikna. Dersom nokre av dei etterspurte dokumenta ikkje eksisterer, ber vi om at dette blir eksplisitt opplyst om i tilbakemeldinga frå fylkeskommunen.

Revisjonen ber om at fylkeskommunen så raskt som mogleg peikar ut ein kontaktperson for forvaltningsrevisjonen som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til ev. ytterlegare dokument og organisering av intervju.



Eventuelle spørsmål knytt til dokumentførespurnaden eller til forvaltningsrevisjonen elles, kan rettast til prosjektleiar Iver Fiksdal på tlf. 934 29 530, eller per e-post til [ifiksdal@deloitte.no](mailto:ifiksdal@deloitte.no).

Med venleg helsing  
Deloitte AS

Iver Fiksdal  
Prosjektleiar